



Formannskapet, som også er styringsgruppe, gav i dag klarsignal for tettstadprosjektet i Uskedalen innanfor dei grensene som møtet på Gamleskulen uttrykte ynskjer om i sist veka, Kjell Yri (V) presenterte dette alternativet. Det vert starta førebuande arbeid med ein arealstrategi dette året med dei 250 000 kroner ein har.

Det er Uskedal Utvikling som har teke initiativet til ei fornying av planverket som er 10 år gammalt og ikkje femner behovet i dag.

UU skal ha ei viktig rolle i prosjektet og Multiconsult vil også arbeide med planen. Selskapet har ei rammeavtale med kommunen. Første steg er ein prosjektplan som set faste mål og rammer for plan og arealstrategi-

Verksemdsleiar Tormod Fossheim er prosjektansvarleg Referansegruppa som skal oppnemnst av UU er no snart klår Med sine 10 medlemmer får ho stor fagleg tyngde.

Den blå streken på kartet markerar det aktuelle tettstadoimrådet.

Av Ola Matti Mathisen